



Johan Albert Sudmann
Flatøyvegen 34
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8609 - 21/70250

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
22.10.2021

Ber om tilbakemelding på tilhøve på eigedomen din - gbnr 1/90 Søre Eidavika Flatøy

Tiltak: Mogeleg ureining
Byggjestad: Gbnr 1/90

Saka gjeld

Alver kommune avdeling for Miljø og tilsyn har motteke bekymringsmelding knytt til bygning i Søre Eidavika, Flatøy.

Meldar er uroa over om det kan vere asbest i betonglaget på ytterveggane som no er i ferd med å smuldre opp. (Sjå vedlagte foto.)

Vi vil med dette be deg om å gjere greie for kva materialar som er brukt i oppføringa av dette bygget. Om det som viser som eit eige lag i betongen er tresonitt eller asbest er vanskeleg å vurdere utan at det vert tatt prøver av materialet.

Vi vil samstundes be deg om ei tilbakemelding knytt til bruken av bygningen og kva framtidige planar du har på eigedomen. Bygningen ber preg av lite bruk og manglande vedlikehald.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på Forureiningslova. Vi ber i første omgang om utgreiing av tilhøva på eigedomen.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for utgreiing er 3 veker frå brevdato.

Anvendt regelverk

Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8609

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Foto 18.08.2021 - Søre Eidavika

søre eidavika_II

søre eidavika_III

søre eidavika_IV

Mottakarar:

Johan Albert Sudmann

Flatøyvegen 34

5918

FREKHAUG